

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 2 - april 2010 42. årgang

God Påske



Ettåring i Nankai kirke

side 5



Påskefeiring i kyrkjene -
Bryne, Time og Undheim

side 8



Time kyrkjelyd sitt
misjonsprosjekt

side 11



Konfirmasjon

side 16

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret

tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00-14:00

heirneside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

telefaks 51 77 03 60

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

Prost Kjell Børge Tjemsland tlf. 41 63 80 48

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 91 15 71 05

Prostiprest Gunnar Frøyland tlf. 95 87 38 47

Kateket: Ingrid Time Nærland tlf. 51 48 40 69

Diakon: Ann Iren Tjelta tlf. 95 89 55 85

Sekretær Bryne sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 43 78 16

Sekretær Time sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 43 78 16

Sekretær Undheim sokneråd:

Herdis Lindal tlf. 48 02 73 04

Sekretær- Kari W. Ødegaard tlf. 51 77 03 77

Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76

Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland tlf. 90 94 23 04

Konsulent Tor Aase tlf. 51 48 34 82

Time kyrkje og kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne kyrkje tlf. 51 48 28 08

Prosjektleiar trusoppklæring:

Jorunn M. Ueland tlf. 51 48 85 10

Time

tlf. 51 48 32 84

Organist: Oddny Underhaug tlf. 51 48 25 31

Kyrkjetenar: Marit Undheim tlf. 51 48 43 09

Soknerådsleiar: Amund Undheim tlf. 51 48 43 09

Klokkar: Sofie Braut tlf. 98 65 51 28

Bryne

tlf. 51 48 28 08

Kyrkjelydsprest: Leif Oscar Reiestad tlf. 41 27 28 62

Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth tlf. 99 61 91 21

Organist, Per Olav Egeland tlf. 51 48 66 68

Klokkar Leif Andenes

Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg tlf. 93 83 16 23

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Pettersen tlf. 51 77 03 68

Lye forsamlingshus

Heirneside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Ungdomsprest: Ole Tørring tlf. 95 17 89 71

Leiar forsamlingsstyret:

Vegard Hanssen tlf. 404 01 214

Undheim

tlf. 51 48 68 20

Prest: Per Børge Hillestad tlf. 93 44 29 19

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 5148 45 55

Soknerådsleiar:

Kåre Sigurd Undheim tlf. 51 48 43 07

Ungdomsarbeidar:

Anders Undheim tlf. 901 85 969

Hanne Brit Sandsmark tlf. 99 62 61 75

Besøk vår nettside:

www.time-kyrkja.no

e-post:

helgedagen@time-kyrkja.no

Til ettertanke



Prost: Kjell Børge Tjemsland

Frå avmakt til styrke

Vi kjenner godt til og trekkjer ofte fram disiplane si avmakt, at dei var feige og redde og hadde så lite tru. Frå påskeforteljingane hugsar vi korleis Peter tyr til sverdet i Getsemanehagen, seinare fornektar Jesus tre gonger og brukar bannskap for å understreka si lygn. Dei andre disiplane kunne det dei også, og sovna mens Jesus sjølv var i bøn for å kunna halda fokus på og førebu seg fram mot det som skulle henda i påska.

Nokre gonger er dette reint oppbyggjande for oss å lesa om. For kven strevar ikkje til tider både med mangel på frimod og oppleving av avmakt? Eg er glad at Bibelen ikkje pyntar på slike ting. For det gjer han både meir truverdig og meir aktuell inn i mitt eige liv som Jesu disippel.

Jesus sin forsoningsdød og oppstode i påska endra disiplane totalt. Jamne møte med Jesus i tida etter påske- og pinsehendinga, då disiplane fekk Den heilage ande, forvandla dei. Frå å vere handlingslamme personar med oppleving av avmakt, vart dei til personar med stort mot og frimod. Peter, stor i munnen som han var og med sine mange nederlag, han heiv seg i sjøen etter den store fiskefangsten på Tiberiassjøen (Joh 21). Han gløymde all prestisje med omsyn til eit flott stup i sjøen, som andre ville kunna tykkja om. Han bokstaveleg talt kasta seg i sjøen for å syne tydeleg for Jesus at noko hadde skjedd med han. Og for ikkje å snakke om det som skjedde på pinsedagen: Med frimod, kraft og styrke - langt frå ein følelse av avmakt - forkynte han Jesus som Frelsar og Herre (Apgj 2). "...og den dagen vart om lag tre tusen lagde til kyrkjelyden". No hadde det skjedd at dei våga alt for evangeliets skuld. Også livet. Paulus summerer dette opp slik: "For eg skjemest ikkje ved evangeliet." (Rom 1,16).

Slik starta alt. Vi har no også fått evangeliet, fordi nokon delte og ga evangeliet vidare.

Kva med oss som disiplar i Noreg i dag? Kva med oss som kyrkje og kyrkje-lydar? Det er med fryd og glede at vi kan sjå at det blant oss er mykje frimod og styrke, skapt og gjeven av Den heilage ande. Samstundes kjenner vi også til strid, ueinige leiarar og mangel på tillit til Meisteren sjølv, til Guds ord og vår kyrkje si vedkjenning. Vi står nokre gonger igjen med følelsen av avmakt som tappar oss for styrke og frimod i kristenlivet. Dermed kan vi også lett bli frårøva stoltheit over og tilbedinga til Jesus.

Vi må hjelpe kvarandre til frimod og stoltheit over Jesus når vi kjem saman! Påska kan gje oss dette frimodet og denne stoltheita. Det er eit faktum at Gud er ein forsona Gud som er rausare enn vi nokon gong greier å vere mot kvarandre, at han deler ut av alt sitt, lar oss vere arvingar til Guds rike, tilgjev, reiser opp, hjelper oss til å lyfta hovuda våre i glede og til lovsong. Dette skapar frimod, gjev styrke og set oss fri til å tena Gud og tena kvarandre. Den heilage ande og heile Hans kreativitet samhandlar med den kreativiteten kvar enkelt av oss har fått av Gud, slik at vi blir medarbeidarar i det å dele evangeliet med kvarandre i ord og gjerning.

Påskeglede skal følgje oss kvar dag, heile året og heile livet. Lat difor denne gleden sleppast laus i oss, slik at andre både kan sjå og høyra ho. Denne gleden er Jesus-jubel, ei glede som må få lov til å bevege vår tunge, våre lepper, vår heile kropp, våre tankar og våre gjerningar!

Signa god påske - signa sterkt disippelskap!

Kjell Børge Tjemsland

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else- Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Gunnar Frøyland og Gabriel Tengsareid. Layout og trykk: Jærprint.

Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen. Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til gabriel.tengsareid@lyse.net og må må vera oss i hende innan 14.mai. Neste nr. kjem ut ca. 7. juni.

Ver vennleg å senda stoff til Helgedagen innan fristen .

Ein Salme

“Hvilken Venn Vi Har i Jesus” er ein av dei gode, gamle bedehussongane som har følgt meg opp gjennom livet frå tidleg barndom, gjennom ungdomsåra og ikkje minst i vaksen alder.

Eg har sunge denne songen med gråten i halsen, og enkelte strofer vert så sterke at stemmen mest ikkje vil bera. Eg har sunge denne songen med styrke og jubel, og fingrane har leika seg med pianotangentane i improviserte trillar.

Gud har ikkje lova oss eit sutlaust liv, eit liv i berre glede, framgang og siger, eit liv utan svik, vonbrot, liding og sorg. Nei, slett ikkje. MEN – Han har lova å vera med oss kvar einaste dag – både dei gode og dei mindre gode dagane. Han har sagt at om du går gjennom elvar så skal dei ikkje skylja over deg, om du må gå gjennom eld, så skal logen ikkje brenna deg. Han har lova at Han ikkje under noko omstende vil sleppa deg, eller forlata deg.

Du kan tøma “søppelposen” din hjå Jesus – dei dystraste tankane, dei fælaste kjenslene – alt kan du seia til Han, og Han elsker deg likevel! Dei inste, løynlege gledene, den gode begeistringa over noko du meistarar og som er vanskeleg å setja ord på – det kan du seia til Han – og Han frydar seg saman med deg!

Eg har ein fantastisk flott familie, eg har mange gode veninner, eg har gilde kollegaer og eit solid nettverk – men Jesus, det er bestevenen, det!

Wenche Jess

Songen har ei gripande historie.

Kvelden før irske **Joseph M. Scriven** skulle gifte seg, skulle hans tilkomande kryssa brua over River Bann. Ho blei då kasta av hesteryggen og drukna. Hans første store sorg i livet førte til at han vart kristen. Då han seinare flytte til Canada, møtte han ei ny kvinne. Men ho blei sjuk og døydde før dei fekk gifta seg. Gjennom store prøvingar er desse versa blitt til. “What a friend we have in Jesus” lyder i dag over heile verda og på mange språk.

Du kan lesa meir om dette på internettadressen: <http://www.evangeliet.no/scriven.html>

Hvilken venn vi har i Jesus



Wenche Jess

Hvilken venn vi har i Jesus!
Alt han vet og alt formår.
Tyngste byrde han oss letter,
når i bønn til ham vi går.
Akk, men titt vår fred forstyrres,
sorg og møye blir vår lønn.
Blott fordi vi ikke bringer,
alle ting til ham i bønn.

Blir du fristet eller prøvet,
synes livets kamp deg hård.
Aldri skal du miste motet,
når i bønn til Gud du går.
Selv om kjærest venn deg svikter,
aldri svikter deg Guds Sønn.
Han alene deg kan trøste,
tal til ham om alt i bønn.

Er ditt hjerte fullt av uro?
Tror du trengsler forestår?
Jesus er den beste tilflukt,
når til ham i bønn du går.
Kan en sådan venn du finne,
som Guds egen kjære sønn?
Bær i gleden som i sorgen,
alle ting til ham i bønn.

Tekst: Joseph M. Scriven ca. 1855

過越際

Den 15.oktober 2002 undertekna Bryne kyrkjelyd avtale med Det Norske Misjonsselskap om misjonsprosjekt knytt til Nankai menighet i Japan. Terese Bue og Haakon Kessel var misjonærer der. Avtalen vart avslutta 7.oktober 2008. I veldig mange år hadde denne vesle kyrkjelyden hatt planar om nytt kyrkjebygg, og ikkje minst eit ynskje om å flytta kyrkja som etter ny motorveg og anna regulering vart liggjande heilt i bakevja. Du måtte vera ganske lokalkjent for å finna fram, og svært god sjåfør for å smyga bilen inn i dette strøket. Så fekk altså Bryne kyrkjelyd vera med i innspurten. Ny tomt vart kjøpt, og kyrkja bygd midt i nye bustadområde og nær ein jernbanestasjon. Akkurat det er veldig viktig i Japan. Ser du nøye på bildet av den nye kyrkja, skimtar du litt av eit gjerde, og elles er det store tre i bakgrunnen. Der, over gjerdet som kyrkja grensar til, ligg det eit Shintotempel. Det er nesten ikkje til å tru at korset er reist her nå. Helgedagen har fått helsing frå Nankai menighet der dei takkar for støtte og ynskjer oss god påske.

emb

God påske og takk til Bryne menighet



Kyrkja i Nankai

Rie Tanaka, medlem av menighetsrådet i Nankai menighet, skriver:

I år skal vi i Nankai menighet feire påske for andre gang



i det nye kirkebygget vårt. Palmesøndag bærer barna palmegrener fram til alteret. Langfredag har vi en stille, stemningsfull gudstjeneste, der bilder som illustrerer Jesu vei fram mot korset er viktige element. Formen på påsegudstjenesten varierer fra år til år, men noe som er fast er at alle tar med seg mat til

kirken for et felles måltid etter gudstjenesten.

Påskeaften i fjor hadde vi en fellessamling sammen med to av menighetene i området her. Godt fellesskap preget samlingen som var fylt med lovsang, minikonsert, andakt og kort program fra hver menighet. Også i år håper vi å bli mange samlet til påskefeiring..

I Japan er det mange mennesker som ikke har hørt evangeliet om Jesus. I denne påsketiden ber jeg om at noen av disse skal få møte Jesu store kjærlighet. Og så ber jeg om at vi som allerede har fått troen skal få en fornyet forståelse av betydningen av Jesu død og oppstandelse.

Lunsjbordet til påske i fjor



Flotte påskeegg





Nattverdfeiring i Nankai kirke. Alle reiser seg og kommer fram. De kristne mottar brød og vin, mens de som er søkende, blir velsignet.



Odd Bjarne Ellefsen

Hilsen fra misjonspresten

Vi ser fram til å feire påske i den flotte kirken her i Nankai. Kirken er lys og romslig, og det tror jeg alle setter pris på. I første etasje har vi, i tillegg til kirkesal, et stort inngangsparti, menighetssal som brukes til måltider og studiesamlinger, og kontorer. Andre etasje har vi innredet til bønnerom og klasserom. Vi har fått en god og hensiktsmessig kirke.

I påsken får vi besøk fra Mandal menighet, og det gleder vi oss til. Kjersti, f. Matre, og Per Ragnar Haraldstad tjenestegjorde i Nankai menighet det første året etter at Terese Bue og Haakon Kessel reiste til Norge. Nå er de prestefolk i Mandal, som også er min by. De kommer hit til påske sammen med en gruppe fra Mandal menighet.

Hilsen Odd Bjarne Ellefsen

Ettåring med tilknytning til Jæren og Bryne

Eli Toft- Eriksen er ettåring for NMS i Japan dette året. Hun forteller til Helgedagen at hun bor i nærheten av den nye Nankai kirke.. Mesteparten av hennes arbeid skjer der med engelskklasser, Soul Children-kor og praktisk arbeid.



Eli Toft-Eriksen

I Misjonsnytt, NMS Stavanger region, leser vi dette:

Hilsen fra ettåring i Japan, Eli Toft-Eriksen, Nankai kirke

Jeg har vært i Japan i fire måneder og har blitt godt mottatt av menigheten. Jeg trives med å undervise engelsk og drive kor, og jeg har fått gode kontakter gjennom arbeidet. Det er frustrerende at jeg ikke snakker språket. Men jeg vet at Gud bruker meg likevel. Hverdagene går med til å være trofast og utholdende i oppgavene. Noen ganger opplever vi at Gud sender nye folk til kirka, men for meg handler det mest om å formidle til dem som allerede kommer på engelsken hver uke, så de kan få se hvem Jesus er.



Gi til NMS – få skattefradrag!



Det Norske Misjonsselskap

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no



Bryne kyrkje

søndag 21. mars
kl.19.00

Jæren symfoniorkester og Vivace

skal setje opp **Mozarts Requiem**

Solistar vert studentar ved musikk-
utdanninga ved UiS.

Pris kr 200,-

Alle er velkomne

Fellesgudsteneste for Jæren prosti Pilegrimsvandring



2. påskedag – 5. april kl.11.00

**blir alle i Jæren prosti inviterte
til felles prostigudsteneste
i Stefanuskyrkja på Nærland**

Etter gudstenesta er alle velkomne
til å bli med på pilegrimsvandring frå
Stefanuskyrkja fram til Kristkrossen på
Njærheim. Det blir stopp undervegs
for ettertanke, skriftlesing og bøn.
Sokneprest Roald Byberg og prost
Kjell Børge Tjemsland er ansvarlege.



Bryne kyrkje ÅRSMØTE

m/ kyrkjemiddag
Sundag 18. april
Gudsteneste kl .11.00

Årsmøte med årsmøtesaker og samtale.
Etter årsmøte er du velkomen
til å kjøpe middag i kyrkja.

Bryne sokneråd

Alle er velkomne



"Vi over 60"

Sundag 18. april kl. 15.00
Vårfest i Undheim kapell

Erik Tangedal held andakt og
fortel frå Madagaskar.

Magna og Tor Helge Undheim
spelar, og kulturskuleelevar deltek.

Det blir allsong, god mat,
kaffi og god tid til drøs.

Hjarteleg velkomen.

Arr: Time Diakoniutval



Velkomen til Bryne kyrkje Misjons- inspirasjon

18. april kl 19.00



KIA Multikulturelle Gospelkor

Misjonskonsulent Günther Theiss

Tema: Eg – sendt av Jesus

KIA-koret deltek

Innspel frå Normisjon, Det Norske

Misjons-selskap, Den Norske Isra-

elsmisjon og Misjonsalliansen

Dramagruppa i Ungkyrkja deltek

Offer til misjonsprosjektet vårt

Arr: Misjonsutvalet i Bryne Sokneråd

Har du lyst til å bli med i BIBEL LESEGRUPPE?

Vi tek utgangspunkt i dei fire
evangelia og tek til med evangeliet
etter Markus. Vi vil lesa teksten, ta
tid til ettertanke og refleksjon og dela
tankar og opplevingar med kvarandre.

Samlingane er i Bryne kyrkje
på tysdagar kl 19.30 – 21. 30.

Dei neste samlingane er
20. april, 4. mai og 8. juni.

Fint om du vil vera med

Har du spørsmål kan du ta kontakt
med Inger Kristine Løge
Tlf. 51 48 59 56 på kveldstid



Bryne 9:13 Forskjellige aktivitetar, andakt og kafé for 4-7. trinn i Bryne kyrkje

18. mars kl 17.30-19.30

8. april kl 17.30-19.30

22. april kl 17.30-19.30

6. mai kl 17.30-19.30

20. mai kl 17.30-19.30



STØRST AV ALT

3.klassingar – klar for "Størst av alt"?

Over påske får
3. klassingar i Bryne,
Rosseland, Lye og

Vestly skulekrinsar og 3. + 4. klassingar i
Undheim skule-krins invitasjon til å vere
med på tre spennande samlingar i Størst
av alt. Kristi Himmelfart og pinse er
sentrale tema, og vi skal ha mange ulike
og spennande aktivitetar inne og ute.
Dette er ledd i kyrkja si trus-opplæring
for alle barn og unge. Ta gjerne
kontakt med kyrkjekontoret
om de ikkje får invitasjon!

Kontaktpersonar:

Bryne: Jorunn Pettersen.

Time/ Undheim: Jorunn Ueland

Påske i Israel

Helgedagen fekk møta ei sprek dame på 78. Skiskorne stod i gangen heime på Fosse hos Jorunn Fosse. Ho kom heim att frå Israel kvelden før, men var opplagd på skitur alt første dag etter 6 veker på sørlegare breiddegrader, på Beit Skandinavia i Haifa.

Her har ho arbeidd som friviljug medarbeidar på det som gjerne blir kalla "ein heim langt heimefrå". Heilt sidan ho vart pensjonist har ho arbeidd her, og ho syns det er lærerikt å møta folk med ulike bakgrunnar. Der har ho også fått reisa og opplevd mykje interessant.

Huset, Beit Skandinavia, tilbyr overnatting til skandinaviske ungdommar på reise. Dei satsar på låg dørterskel og stor takhøgde. Dei formidlar også volontørplass i kibbutz, arbeid til sosiale volontørar og praksisplass for studentar innan helse og sosial og sjukepleie. Ingen som arbeider her får løn, verksemda blir driven av små og store pengegåver.

Jorunn Fosse har feira tre påskehelgar i Israel. Første gongen var då ho gjekk på Norsk Lærarakademi 1970/71. Det som kanskje sit best i minnet frå den turen, er kontrasten mellom dei travle, bråkete bygatene i Jerusalem på første påskedag - og stilla i Gravhagen, The Garden Tomb. Denne hagen kan vera Josef frå Arimatea sin hage, og altså staden der Jesus vart gravlagd. Der inne i den fredfulle hagen vert påskebodskapen sterk. "Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr." (Joh 11,25)

I 1980, då ho arbeidde på Kvås folkehøgskule, var ho med elevar til Israel i påska. Dei var då 6 veker på kibbutz, og slik fekk ho med seg både arbeid i appelsinlunden - og påskefeiring også der. I denne kibbutzen budde det ca 1600 menneske, og for alle dei vart det dekkja bord med kvit duk ein av påskedagane. Dei hadde også plass til gjester frå Noreg. Jødane feirar at påska går inn og ut. Under påkehøgtida er usyra brød viktig. Det liknar på skipskjeks, seier Jorunn. Alt med mjøl må vaskast ut før feiringa, og varer med mjøl blir tildekka i butikkar. Maten var god, sjølv om sure og bitre ting også var på menyen.

3. påska i Israel var på Beit Skandinavia. Då var huset fullt av gjester, så det vart arbeid med mat og senger. Då vart feiringa meir på norsk vis. Ho har også vore invitert heim til ein jødisk familie der dei feira slutten på påska med eit nydeleg kakebord.

Kveldstunda saman med Jorunn kunne gjerne ha vore mykje lengre, for det er ei interessant dame å snakka med! Slike pensjonistar treng me!

LHH



Jorunn Fosse



Matsalen på Beit Skandinavia

Foto: Jorunn Fosse



Beit Skandinavia - ein skandinavisk oase i Israel - skapt av Lilly og Torvald Tånsberg

Påskefeiring i kyrkjene - Bryne, Time og Undheim

Påskeveka inneheld alt! Dei siste dramatiske hendingane i Jesus sitt liv. Det første den kristne kyrkja bare måtte feira. Djupet i Guds kjærleik til sine skapningar. Breidda i mennesket sin ondskap og uforstand. Dei store tema i livet samla i eit intenst drama: Hylla liv og grusom død, sterkt vennskap og rått svik, svart motløyse og tynt håp, pinefull liding og himmelsk glede. Påskeveka inneheld alt.

I kyrkjene våre skal Jesus si siste veke *"tale, rope i mitt hjerte hva min frelse kostet har"* Du er varmt velkommen til å vera med og leva deg inn i dramaet og grunda på kva det inneber for oss i dag. Ta gjerne turen til nabokyrkja for å få med deg vekslinga og mangfaldet i den stille veka. Kvar dag har sitt preg.

Palmesundag – forventning

Eit ungt esel får bera Jesus frå Oljeberget inn til påske i Jerusalem. Langs vegen mot byportane står pilegrimar og fastbuande, barn og vaksne, kvinner og menn. Dei jublar og dansar, syng og lovprisar, viftar med palmegreiner og legg klede på vegen der Jesus kjem ridande. Det er håp og Messiasforventning i lufta.

Gudsteneste vert feira i alle kyrkjene våre. I Time kyrkje og Undheim kapell er det familiegudsteneste. I Time deltek Fotland sundagsskule med opptog som gjenskarar inntoget i Jerusalem. I Undheim er det avslutning av dåpsskulen, og Miniklang deltek.

I Lye forsamlingshus er det gudsteneste for små og store.

Nattverdbordet er dekket.

I Bryne kyrkje er det gudsteneste med dåp og jungelgjeng.



Relieff med inntoget - frå Tårkyrkja på Oljeberget

Skjærtorsdag – fellesskap



Jesu bønemark (frå Getsemanehagen)

Frå lånt esel til lånt matsal. Jesus samlar dei tolv disiplane til påskemåltidsfeiring. Fortetta stemning den siste kvelden. Jesus innstiftar nattverden, måltidet i den nye Gudspakta som nå skal byggja på Jesu offer og blod. Ein gong i samtalen tek Jesus til å vaska føtene til disiplane, eit teikn og forbilde på tenande kristen kjærleik.

Gudsteneste vert feira om kvelden i Bryne og Undheim. Tekst om fotvaskinga. Fellesskapskveldar begge stader, med nattverdfeiring. I Undheim deltek Sax-gruppa. Det vert kveldsmat med jødisk påskemåltid leia av Roy Throndsen.

Langfredag – lidning og sorg

Etter bønekampen i Getsemanehagen og Judas sitt svik vert Jesus arrestert og ført til jødane sitt Høge Råd. Der vert han dømt for blasfemi og ført fram for den romerske landshovdingen Pontius Pilatus. Pilatus gjev etter for press og dømmer Jesus til døden ved korsfesting.

Jesus går smertevegen – *via dolorosa* - fram til Golgata. Der vert han korsfesta og døyr saman med to forbrytarar. Den døde kroppen vert teken ned av korset og lagt i ei ny grav i ein hage rett attmed, like før sabbaten startar.

I kyrkjene våre har me berre ei gudsteneste langfredag. Sterk orgelmusikk og meditative bønner følgjer Jesus på lidingsvegen dei 14 stasjonane fram til korset. Korsvegan-dakten har røter tilbake til mellomalderen, og me nyttar tekstar av den svenske biskopen Martin Lönnebo, omsett og tilrettelagt av Inngjerd og Åsvald Solheim. Alan Ridout sitt store orgelverk frå 1978 gjev farge til bønene og meditasjonane.



Mosaikk frå gravkyrkja i Jerusalem

Påskeaftan – frå mørke til lys

Det er sabbat. Jesu kropp ligg i ei lånt og forseglad grav. Vaktmannskap er sett ut. Alt er stille. Jesus og venner i djupaste mørke. Sorga er lammande.



Mosaikk frå gravkyrkja i Jerusalem

I Time kyrkje er det påskenattsmesse, slik det har vore dei siste åra. Påskenattsmessa er kalla «mor for alle gudstenester». Ein heilt eigen gudstenesteliturgi tek oss med frå langfredagen sitt mørke til påskedagen sitt lys. Den som kjem til kyrkja denne natta får med alle sansar merka vekslinga frå mørke til lys, frå sorg til glede, frå stillhet til jubel. Kvar enkelt gudstenestedeltakar får sitt eige lys utdelt ved inngangen, vert ført inn i vekselsang og tekstlesingar som minner om å døy og oppstå med den oppstandne, før gudstenesta endar i nattverdfeiring og påskesalmejubel! Det er god tradisjon at ungdommar fyller og pregar denne stemningsfulle påskenatta i kyrkja. Mellom anna med lovsangsdansarar frå Undheim, lovsangsgruppe og musikarar. Ungkyrkja i Bryne øver til påskedrama for natta og påskedag i Bryne kyrkje.

Påskedag - Undring og jubel



Kvinner går til grava i grålysninga den første dagen i veka. Dei vil salva Jesus sin kropp og sin eigen sørgjande kjærleik, men slik skal det ikkje bli og vera. Dei møter eit syn som endrar alt: Steinen er velta frå, grava er tom, englar fortel at Jesus lever. Dei spring og fortel det til disiplar som må ut og sjekka. **Budskapet om den oppstadne på første etappe ut i verda!**

Påskedag er det festgudsteneste i Bryne, Time og Undheim. Blåsarar, solistar og lovsang. Dåp og fest. Drama og framføring.

Andre påskedag - Møtet

Trua på den oppstadne Jesus byrjar å breia seg. Maria Magdalena og disippelflokken får møta han. Han kjem som ein ukjent vandrar som slår fylgje på vegen.



Frå pilegrimsvandringa 2009 med Tobias Skretting som kulturhistorisk guide



Kristkrossen på Njærheim

Andre påskedag er det pilegrimsvandring for prostiet frå Stefnuskyrkja til Kristkrossen på Njærheim. Det startar med gudsteneste og fortset med korte pilegrimsandaktar undervegs. I lyset frå Jærnaturen og påskebudskapet om medvandrar Jesus, går turen mot eit av dei tidlegaste spora av kristen tru i jærsk jord.

Velkommen til påskefeiring i kyrkjene våre!

Bryne kyrkjelyd - Grøn kyrkjelyd

I Guds drøm er verden såre god.

I Guds drøm er jorden rik og vakker.

I Guds drøm velsignes vi.

Slik Gud har drømt skal verden en gang bli.

Med dette fine verset helsa Asbjørn Finnbakk frå bispedøsmekontoret oss i Brynekyrkja den siste søndagen i januar. Han kom for å overrekkja diplom som viser at kyrkjelyden kan kalla seg grøn.

Soknerådet har nemleg vedteke ein handlingsplan for best mogeleg miljø og ressursbruk for dei aktivitetane som er knytt til kyrkjebygget

Finnbakk la vidare vekt på at dette var ein prosess, sett i gang som kyrkjelyden sitt diakonale ansvar for å vera eit vern om skaparverket. Me har alle eit forvaltaransvar for natur og miljø. Han ønska oss til lukke med denne gode prosessen også på det personlege planet for oss i kyrkjelyden.

Leiaren for Bryne sokneråd, Ruth Stabel Berg, tok imot det fine diplommet på vegne av kyrkjelyden. Ho takka Finnbakk og gruppa som hadde arbeidd fram handlingssplanen. Ho lova å gi diplommet ein godt synleg plass så den kunne minna oss om forvaltaransvaret vårt.

Andor Sandsmark



Leiaren for Bryne sokneråd, Ruth Stabel Berg, tek imot det fine diplommet på vegne av kyrkjelyden

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,
kto.nr. 3325.25.07057

"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time
kto.nr. 3325.21.30859

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste
ungdomsarbeidar, Undheim
kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kapell - gåver
kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,
kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad
kto.nr.3325.25.09270

Ungdomsarbeidar på Lye
kto.nr. 3325.25.04260

Stikk innom vår heimeside
<http://www.time-kyrkja.no>

Til alle gode hjelparar til Julemessa 2009 i Bryne kyrkje

Tusen takk for all hjelp og dugnad i høve julemessa i Bryne kyrkje 28.nov 2009. Det er bare heilt flott korleis alle stiller opp og bidreg. Ikkje minst ein stor takk til komitéen med Jan Rosland, Torunn Undheim, Liv Torunn Ødegård og Kristin Kvamme som fantastiske drivkrefter.

I år fekk vi inn kr 149 000,-. Ca 10 000,- meir enn i fjor. 75% går til barne og ungdomsarbeidet i kyrkja, og 25 % går til misjonsprosjektet vårt for Israelsmisjonen.

Helsing julemessekomitéen v/ Ruth Stabel Berg

Saker til sokneråda

Har du saker som du ønskjer at soknerådet skal ta opp, kan du kontakta ein av soknerådsmedlemmane eller du kan kontakta kyrkjekontoret (sjå side 2).

Det er kome ønskje om ein postkasse i våpenhuset i Bryne kyrkje der ein kan leggja ønskje om saker til Bryne sokneråd. Slik postkasse er no på plass.

GT



ILDSJELPRISEN

Idrettsgalla 2010 vart sendt på NRK 1 frå Håkons Hall på Lillehammer 9.januar 2010. Der vart det delt ut prisar i mange kategoriar til kjende kvinner og menn. Den gjævaste heider, Ildsjelprisen, vart tildelt politimann Vidar Bøe. Eit kort møte med personen på skjermen gjorde sterkt inntrykk. Bakgrunnen for prisen, og måten han ordla seg på i takken, har eg ikkje gløymt. I ein dokumentar på TV i samband med Tour de France i fjor, hadde denne mannen hovedrolla saman med Tahir, ein blind norsk-pakistansk ungdom. Desse to hadde gjennomført styrkeprøva Trondheim/ Oslo på tandemsykkel.

Avisa Vårt Land hadde lørdag 30.januar i år eit stort intervju med denne ildsjela. Det handla om livserfaring og livsinnsikt som rørte meg djupt og skapte mange tankar. Gjennom 40 år hadde omsorgsperspektivet hatt ein stor plass i Vidar Bøe sitt liv. Ikkje rart dronning Sonja kjempa med tårene då ho skulle overrekka prisen.

Gud - Troen - Håpet

Vi får gløtt inn i eit liv i omsorg for andre, også etter at han sjølv møtte veggene då sonen på 17 år døydde brått, og Vidar Bøe seinare fekk kreft. Engasjementet for barn og ungdom i idrettsmiljøet er som før, helst for dei som ikkje mottok medaljar og blir feira. Men kjærleiken og omsorga går også til menneske som i vaksen alder fell utanom A4-livet. I sitt arbeid i politiet møtte han dei på gata og i andre vanskelege situasjonar, snakka med dei, - - og fikk høre vonde historier om krig og tap, og sterke vitnesbyrd om gudstro og lengsel. - Du må reparere det vonde på en eller annen måte. Det kan være Gud, alkoholen, gode samtaler eller sprøyter, men noe må det være.

- Og der har du valgt ?
- Gud. Troen. Håpet.

Alt starten på intervjuet skjerpa mi interesse. Mannen med dette sterke blikket og dei markerte ansiktstrekkene starta samtalen slik:

- Barneoppdragelsen. Det er svaret på spørsmålet om kor journalisten burde begynna for å snakka om trua hans.

- Bøe trur at i møte med kriser i vaksenlivet er trusballasten det viktigaste vi kan ha med oss.

Gud har sett frå seg øksa

Han tek oss i intervjuet med tilbake til 1950-talet i Sarpsborg og fortel om sin gode venn Trond, mobbeofferet i klassen.

- Når han kom heim fra skolen, sto bestefaren ofte ved skullet og hogget ved. Allerede på lang avstand fikk han øye på den lille gutten som kom gående over jordet. Bestefaren la øksa fra seg, satte seg ned og ventet, klar til å prate. - -

- Jeg tror også at Gud har satt fra seg øksa. Der sitter han klar til å trøste når vi søker, sliter og venter på indre ro, sier Vidar Bøe.

Han avsluttar intervjuet slik:

- Vi er på feil kurs hvis vi fjerner alt snakk om Gud fra skoler og barnehager. Hver dag finnes det barn som gruer seg til en ny dag. Jeg tror de hadde sovet tryggere med en engel over senga.

- Jeg tror muslimer er flinkere til å være stolte av troen sin. De sier at Gud er Gud, og ferdig med det. Vi nordmenn synes det er mer flaut, men når vi har lagt oss under dyna og slukket lyset, så knepper nesten alle hendene sammen og ber.

Han er ikkje redd for at Norge skal bli avkristna. -Jeg tror at Gud og norsk skøytesport sitter så sterkt i folket. Selv om det bare er to i kirken og fem på tribunen, er det kjempestor interesse hjemme i stuene. - -

Ildsjelprisen

Oså så tilbake til overskrifta: Ildsjelprisen. Det fins fleire ildsjeler og på mange område. Vi kan kjenna ei ildsjel, kanskje til og med i nærmiljøet: i familien, i nabolaget, i skulen, på det offentlege kontoret, på butikken osv. Vi kan rett og slett møta ei ildsjel på vår vandring i kvardagen. Dei har aldri blitt heidra i det offentlege rom, men det gode ordet, den lille oppmuntringa, kan gleda. Det kan me leggja oss på sinne.

emb

PS. Heile intervjuet kan du lesa på www.time-kyrkja.no og søkje vidar_boe.pdf

Time kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt: **Landsbyutvikling i Bara på Madagaskar**

Gjennom prosjektet er me med på å gje folket i Bara betre helse og betre levekår. Kvardagen blir enklare, og gjennom kunnskap og praktisk hjelp vert menneske frie til å velja.

I Bara satsar Det Norske Misjonsselskap på helse, undervisning, jordbruk og husdyrhald. Baraane er kvegfolk. Det er kome i gang ei god ordning for vaksining av kveg. Folk får kunnskap om nye og betre dyrkingsmetodar og hjelp til å betra jordsmonnet.

I Time kyrkje gjev me offer til dette prosjektet to gonger i året. I gudstenestene bed me for Baraane. Me oppmodar til at folk i kyrkjelyden engasjerer seg gjennom å ta del i gjevarteneste til prosjektet og halda seg informert om det som skjer. Når me bed for prosjektet, blir me knytte til kvarandre, me i Time og dei på Madagaskar. "Velsigna band som bind Guds folk i saman her, i same kjærleik, same sinn som i Guds himmel er." (Salmeboka 531)

GF



Frå ein landsby i Baraland.

Plantar åkeren og håpar på lagleg ver og god haust.



Frå klasserommet. Barna er framtida her også.



 STEIN & HAGESERVICE BRYNE BELEGNGSSSTEIN NATURSTEINMUR SKIFER GRAVING PLANTING BESKJÆRING Håland, 4340 Bryne tlf. 4000 7889	 MØBELRINGEN I. Bjørnsen A/S Jærv. 250, 4340 Bryne - 51 78 50 20	Selge bolig på Jæren? Ring tlf. 51 77 80 00 www.terra.no TERRA EIENDOMSMEGLING
 B&M Bok&Media Alt i bøker, musikk, rekvisita, kort og hobby i Storgata 26	 TEAM BYGG	 TIME SPAREBANK -for Jæren
 Sjekk Punkt BILVERKSTED www.sjekkpunkt.no 4000 6447 LYE BIL AS	 Bohus Håland Industriområde 4340 Bryne Tlf.: 51 77 84 40 • jaren@bohus.no Åpningstider Hverdager: 10-19 Lørdag: 10-15	 Optiker AARSHEIM Optiker Rolf Aarsheim Meierigata 9, 4340 Bryne Tlf. 51 48 19 54
 Jærsol as Innvendige persiener Utvendige persiener Lamellgardin Rullegardin Plisségardin Screenduk Markiser Terrassemarkiser Gratis måltaking! Bjørkeveien 6 4340 Bryne. Tlf. 473 59 935 E-post: per.hareland@lyse.net	 3% 4% 5% 6% 7%	VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS ek Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4349 Bryne TLF. 51 48 02 11. DØGNSERVICE 971 78 180
 SAGABO HUS FOR NORSKE FORHOLD Hus for norske forhold Jernbanegaten 9, 4340 Bryne tlf. 51 77 19 60 www.sagabo.no		 EL-TEAM Elektroentreprenør Morenefare 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net
 BAKERS	 Få solskjermingen din klar til sommeren Skreddersydde løsninger Ta kontakt for gratis befaring 15 års erfaring tlf. 51 88 55 80 ACsenteret Auglendsveien 14 • Stavanger • Tlf: 51 88 55 80 • www.acsenteret.no	 EiendomsMegler 1 JÆRMEGLEREN
 HELLVIK HUS Bygg med glede! www.hellvikhus.no	 WACO Forsikringsmegling as	 SpareBank 1 SR-BANK

Varmegaranti ned til $\pm 25^{\circ}\text{C}$

Vi har modellen som gir mest varme når det er kaldt.

Gratis befaring

Kjøp fra Rogalands største leverandør. Service og kvalitet siden 2002.

Breimyr 14, Håland
Tlf. 51 77 78 70
www.acsenteret.no

ACsenteret

MURMESTER HESKJE

Murmester Heskje AS
Hålandsveien 24, P.b. 270
4340 BRYNE
Tlf 51 77 19 80
Fax 51 77 19 81

Vi har alt innen trykksaker

JÆRPRINT
TRYKKERI & DESIGN

952 99 844

Johansen Elektriske as

Postboks 510 - 4349 Bryne
Tlf: 51 48 01 01

BØRGE UNDHEIM A/S
KYLINGOPPDRETT
4342 Undheim - Tlf.: 51 48 89 00

Koinonia
KOINONIA BOK OG MUSIKK

Motehuset Bryne Torg
Storgata 10-12 - 4340 BRYNE
Tlf. 51486520

KROGEDAL
begravelsesbyrå

DØGNVAKT
51972900

Våre medarbeidere på Jæren
Runar Apeland, Borgny Å. Skretting
Brikt Goa og Oddbjørn Folde
Kontor: Bryne og Sandnes

STEINAVDELING
GRAYMONUMENT
PLATER
Ny hjemmeside:
www.krogedal.no

Bryne Begravelsesbyrå

Tlf.: 51 77 80 80

Vi ønsker å bidra til en verdig gravferd

www.brynebyraa.no
Reeveien 34, 4340 Bryne
Døgnvakt

Vil du gi en gave til Normisjon?

Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

www.normisjon.no

e i k h i

Lauritz Aarsland
Tannlege
Tlf. 51 48 28 93

BYGGMESTER HERSDAL AS
Alt i nybygg, påbygg og rehabilitering
Mobil 908 55 625

Et sted for frihet og forandring
Et samarbeid mellom Bethania-stiftelsen, Diakonova og Normisjon

Fermate Rogaland

TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?
Samtaler kan avtales på tlf.: 467 46 670 eller mail: fermanterogaland@emmaus.no

Besøksadresse: Hoveveien 38, Sandnes
www.fermanterogaland.no

Evangelisering blant jøder- ANTISEMITTISK?

• Les om hva Avi Snyder mener om å fortelle jøder om Yeshua

Israel

Bli abonnent for kr. 210,-

Å tro på Jesus i Arad

Deni Norske Israelsmisjon

Kontakt oss på tlf.: 22 98 85 00 eller post@israelsmisjonen.no

Noen blader holder deg oppe ...

Tilbud på Misjonstidende:
Første året kun kr 190,-
(Full pris kr 380,-)
Send navn og adresse til:
40 40 60 26

Misjonstidende
AKTUELT OM MISJON OG KIRKE

BLI FADDER!

www.misjonsalliansen.no
22 94 26 00 misjonsalliansen



Konfirmasjon 2. mai kl 10.30 i Bryne kyrkje

Ine Petersen Fatland
Andreas Utne Friestad
Oda Gjerde
Beate Haus
Tonje Helland
Ellen Kristine Horpestad
Amalie Høyland
Roar Tveit Høyland
Astor Håland
Thomas Håland
Tormod Grutle Haara
Marie Kawasaki Ladstein
Nora Grødem Mageland
Shaniz Nyangweso Mboya
Kjartan Malmin Nese
Kristin Nesse
Jon Atle Nyman
Karoline Pihl
Lina Bjørheim Salte
Emilia Serigstad
Marcus Vaaland Sikveland
Guro Ims Stangeland
Kristin Ottesen Steinskog
Benedikte Berberg Stokka
Marte Stølsnes
Andreas Aarrestad Time
Eirik Tjøtta
Silje Undheim
Pål Aamodt
Renate Aasen

Konfirmasjon 25. april kl 11.00 i Bryne kyrkje

Gard Severin Kvamme Braut
Daniel Fosse
Jens Hetland Haavik
Sindre Larsen
Magnus Eskeland Log
Morten Melkeråen
Jon Erik Nesse
Vetle Johnsen Salte
Jostein Skadberg
Linn Kristin Sunnanå
Kristin Rasdal Vik
Yvonne Åkre

Konfirmasjon 2. mai kl 12.30 i Bryne kyrkje

Joel Bengo
Vegard Bue
Fredrik Byberg
Vegard Flatebø
Renate Gunstensen
Rolando Gabriel Haver
Ingrid Hegelstad
Mari Berg Hersdal
Per Haarr
Samuel Kahsay
Lene Lura
Oscar Hetland Løge
Sonja Meling
Inger Marie Mjølshes
Andreas Odland
Cathrine Ognøy Olsen
Bjørn Håkon Ueland Risa
Mathilde Rosseland
Odd Livar Salte
Merita Træland Sandkleiva
Roald Serigstad
Eirik Skailand
Brynjar Solheim
Preben Sørheim
Helene Vigane
Monika Ueland Ånestad

Konfirmasjon 14. august i Bryne kyrkje Åshild Sønnesyn Willmann

Konfirmasjon i sjømanns- kyrkja i Singapore Magnus Østvold



Konfirmantane våre

Me nærmar oss innspurten for årets konfirmantar, 125 i talet. Dei starta i september og har hatt faste samlingar ca. annakvar veke. Konfirmantane er som før; blyge, nysgjerrige, interesserte, viltveksande, frittalande, undrande og så mykje meir. Heilt utruleg herlege!

Det har vore gilde og givande samlingar om blant anna Jesus, tru, bøn, nattverd, dåp, samliv, om døden og det evige livet. Gode spørsmål og flotte samtalar. Men, det har også vore gonger med frustrerte leiarar over uro og slett oppførsel. Likevel, me vert glade i konfirmantane våre, og ser fram til kvar samling saman med dei.

Nokre konfirmantar reiste på KRIK-weekend til Bjerkreim. Det var absolutt eit høgdepunkt for mange. Og nå har me nettopp hatt eit anna høgdepunkt, nemlig besøk av Team Compass. Team Compass dreg Norge rundt, har undervisning og konsert og er ei flott happening.

I desse tider skal konfirmantane ta i eit tak for andre. Då skal dei rundt med pengebøsser for Kirkens Nødhjelp og samla inn pengar under årets Kirkens Nødhjelp-aksjon (fasteaksjonen).

Snart er det bare finalen igjen, konfirmasjonen. Det vert ei flott og verdig avslutning på eit fint konfirmantår.

På vegne av alle leiarane, frivillige og tilsette
Ingfrid Time Nærland



**Konfirmasjon 9. mai
kl 10.30 i Time kyrkje**

Håvard Bjelland
Karen Amalie Time Bø
Eivind Klakegg Egeland
Sindre-Nicolai Barvik Fredriksen
Glenn Hauge
Eivind Haugland
Kirsten Iversen
Henrik Jensen
Eirik Laland
Magnus Madsen
Kristian Monsen
Maren Nesse
Mats Eirik Oftedal
Mari Prestegård
Andreas Lote Rosland
Anja Rosseland
Stian Saurdal
Arvid Nærland Serigstad
Runar Serigstad
Lena Siqveland
May-Helen Torland
Eirik Vinningland

**Konfirmasjon 9. mai
kl 12.30 i Time kyrkje**

Ole Andreas Berland
Chris Bøe
Mathilde Egeland
Maria Eikrem Fiskaa
Sven Ingar Frantzen
Malin Grødem
Arne Høgemark
Christiane Keltie
Børge Kluge
Karoline Mauland
Malin Paulsen
Markus Pedersen
Kovidt Raedthong Salte
Kristian Scheie
Per-Martin Thu
Kristine Jensen Øksnevad

**Konfirmasjon 13. mai
kl 11.00 i Undheim kapell**

Karin Bøe
Anmari Buaban
Livar Egeland
Livar Hadland
Martin Haugvaldstad
Lillianne Håland
Kristin Lye
Ane Olsen
Siren Love Ree
Asle Risa
Helge Risa
Jenny Skårland
Kristian Taksdal
Solveig Taksdal
Mia Karin Undheim
Tonje Undheim

*The Winner Takes It All banka Monsterpikene på
straffespark i finalen*



Bønevandring med lystenning



Dette bilete seier om Gud at...



Opplevinga av å verta korsfesta



Vaffelsteiking på Misjonstivoli





DØYPTE

BRYNE KYRKJE

31.01.10: Osmund Skåland

07.02.10: Mikkell Håland

21.02.10: Serina Lode,
Julie Mathea Serigstad Sæveland,
Truls Johannesen

TIME KYRKJE

17.01.10: Teo Tunland Undheim,
Cassander Åreskjold Bakke,
Thea Eliassen Bjorheim, Lisa Holen
14.02.10: Pål Bolstad, Torje Kvía Taule,
Trym Kvía Taule, Vetle Rosseland,
Mina Moland-Bergene,
Serina Vatland Pallesen

UNDHEIM KAPELL

21.02.10: Anmari Buaban



VIGDE

30.01.10: Anne Grethe Hustoft og
Roy Hustoft Flataukan
27.02.10: Linn Carlsen Serigstad og
Magnar Gausland
27.02.10: Elisabeth Ree og Dagfinn Salte



DØDE

Magnus Søyland, Karly Gurine Bakken,
Johan Rolf Tryggeseid, Gudrun Sofie
Orre, Ole Johnny Guttormsen, Gustav
Ødegaard, Åsbjørn Søyland, Paul Orre,
Marit Torunn Sølyst, Oddvar Steinnes,
Tor Stangeland, Per Tørresby, Kirsten
Inger Slåttekjær, Elen E. Tjensvoll, Arne
Håland, Marit Gerd Rosland, Gudrun
Herigstad, Gaute Rasin Øgård, Elfinn
Ofstedal, Henriette Søliland Grude,
Louis Andreas Lura, Maria Steinnes

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST



NMS Gjenbruk Bryne

Saronsbrotet 3, 4340 Bryne
Tlf. 951 06 028

Stor takk til Gunn's Stil for restlageret av stoff og kjolar!

Opningstider:

mandag/fredag kl. 10 - 17
lørdag kl. 10 - 14

Vi har møbler og mykje anna, kom innom og sjå!



FRETEX

Vi gir folk grunn til å tro på framtiden

Fretext Butikksalg

Meierigata 17, 4340 Bryne

Tlf. 51 48 56 50 - www.fretext.no

Opningstider:

mandag/fredag kl. 10 - 18
lørdag kl. 10 - 15

Vegen tilbake til Gud

"For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!.

Joh. 3,16

Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydd på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen.



JÆREN
MISJONS RADIO

Nærradioen med godt nytt

Tryggheimsveien 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22

Sender på
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9

Sendetider
Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
Tirsdag: 08.30 - 09.00
Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
19.30 - 21.00
Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45
Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45



Velkommen til

gudsteneste

Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:

Sverre M. Lima
51 48 21 33

Jonas Frøyland
41 30 04 68

Gabriel Tengsareid
51 48 28 98

før kl. 10.00.

TIME KYRKJE:

Frode G. Fotland
51 48 71 11
90 74 84 03

Dorteia Haugland
51 48 70 04

før kl. 09.30.

Sundag 28. mars

Bryne kyrkje

Lye forsamlingshus

Time kyrkje

Undheim kapell

Palmesundag

kl. 11.00

kl. 10.30

kl. 11.00

kl. 10.30

1. april

Bryne kyrkje

Undheim kapell

Skjærtorsdag

kl. 19.00

kl. 19.00

2. april

Bryne kyrkje

Langfredag

kl. 11.00

3. april

Time kyrkje

Påskennatt

kl. 23.00

4. april

Bryne kyrkje

Time kyrkje

Undheim kapell

Påskedag

kl. 11.00

kl. 11.00

kl. 10.30

5. april

Stefanuskyrkja

2. Påskedag

kl. 11.00

Sundag 11. april

Bryne kyrkje/Horve

1. s.e. påske

kl. 11.00

Bryne kyrkje

kl. 18.00

Lye forsamlingshus

kl. 10.30

Joh. 12, 12 - 24

Gudsteneste. Dåp

Jungelgjeng

Gudsteneste. Nattverd

Familiegudsteneste. Dåp

Familiegudsteneste. Dåp.

Dåpsskuleavslutning

Joh. 13, 1-15

Kveldsgudsteneste. Nattverd

Kveldsgudsteneste. Nattverd. Kveldsmat

Mark 14,26 – 15,37

Krossvegbøn. Felles med Time

Luk. 14, 1 - 12

Påskennattsgudsteneste. Nattverd

Joh. 2, 1-10

Høgtidsgudsteneste. Dåp. Jungelgjeng

Høgtidsgudsteneste. Dåp. Løvegjeng

Høgtidsgudsteneste

Joh. 20, 1 – 10

Gudsteneste for heile prostiet

Pilegrimsvandring til Kristkrossen på

Njærheim

Joh 21, 1 – 14

Familiegudsteneste på Horve leirstad der

Bryne kyrkjelyd er på kyrkjelydstur.

Velkommen til gudsteneste om du ikkje er på weekend .

Sundagstreff m/gudsteneste kl. 19.00

Arr. er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming

Familiegudsteneste. Dåp. Dåpskulen deltek



Velkomen til

gudsteneste

Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:
Sverre M. Lima
51 48 21 33

Jonas Frøyland
41 30 04 68

Gabriel Tengsareid
51 48 28 98

før kl. 10.00.

TIME KYRKJE:

Frøde G. Fotland
51 48 71 11
90 74 84 03

Dorteia Haugland
51 48 70 04

før kl. 09.30.



Sundag 18. april

Bryne kyrkje

Lye forsamlingshus
Undheim kapell

Sundag 25. april

Bryne kyrkje

Time kyrkje

Sundag 2. mai

Bryne kyrkje

Bryne kyrkje

Lye forsamlingshus

Undheim kapell

Sundag 9. mai

Bryne kyrkje

Time kyrkje

Time kyrkje

Time vgs. (Rosseland)

Torsdag 13. mai

Time kyrkje

Undheim kapell

Sundag 16. mai

Bryne kyrkje

17. mai

Bryne kyrkje

Lye forsamlingshus

Time kyrkje

Undheim kapell

Sundag 23. mai

Bryne kyrkje

Time kyrkje

Måndag 24. mai

Undheim kapell

Sundag 30. mai

Bryne kyrkje

Lye forsamlingshus

Undheim kapell

Sundag 6. juni

Bryne kyrkje/Brekko

Time kyrkje

Sundag 13. juni

Bryne kyrkje

Lye forsamlingshus

Undheim kapell

2. s.e. påske

kl. 11.00

kl. 10.30

kl. 10.30

3. s.e. påske

kl. 11.00

kl. 11.00

4. s.e. påske

kl. 10.30

kl. 12.00

kl. 10.30

kl. 10.30

5. s.e. påske

kl. 19.00

kl. 10.30

kl. 12.00

kl. 11.00

Kr. Himmelfartsdag

kl. 11.00

kl. 11.00

6. s.e. påske

kl. 11.00

Grunnlovsdag

kl. 08.30

kl. 09.45

kl. 10.30

kl. 11.00

Pinsedag

kl. 11.00

kl. 11.00

2. Pinsedag

kl. 10.30

Treenighetssundag

kl. 11.00

kl. 10.30

kl. 10.30

2. s.e. pinse

kl. 11.00

kl. 11.00

3.s.e. pinse

kl. 11.00

kl. 10.30

kl. 10.30

Joh 21, 15 – 19

Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng

Årsmøte med kyrkjemiddag.

Gudsteneste. Nattverd

Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule

Joh 14, 1 – 11

Gudsteneste m/ konfirmasjon. Dåp

Gudsteneste. Nattverd. Løvegjeng

Jes 1, 18 – 20

Gudsteneste m/ konfirmasjon

Gudsteneste m/ konfirmasjon

Gudsteneste. Dåp

Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule

Matt 6, 6 – 13

Kveldsgudsteneste. Nattverd.

Tema: Frå fortvilning til håp

Gudsteneste m/ konfirmasjon. Dåp

Gudsteneste m/ konfirmasjon Dåp

Familiegudsteneste Utdeling av 4 års bok

Apg. 1, 1 – 11

Gudsteneste. Nattverd. Løvegjeng

Felles med Bryne

Gudsteneste m/ konfirmasjon

Joh 17, 18 – 26

Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng

Joh 12, 35 – 36

Morgonsong m/ bøn for folk og land

Gudsteneste

Familiegudsteneste

Familiegudsteneste

Joh 14, 15 – 21

Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng

Høgtidsgudsteneste. Dåp. Nattverd. Løvegjeng

1. Kor. 12, 12 – 20

Gudsteneste. Dåp. Nattverd

Matt, 28, 16 - 20

Familiegudsteneste. Dåp. Utdeling av 4 års bok

Gudsteneste. Nattverd

Sundagsskule/kyrkjelydstur

Luk. 12, 13 – 21

Kyrkjelydstur til Brekko. Familiegudsteneste

Gudsteneste. Løvegjeng

Luk.19, 1 – 10

Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng

Gudsteneste. Dåp

Friluftsgudsteneste